



 **RundeMiljøcenter**
- den naturlegemøtestaden

Møteplass og spektakulær natur
**Kurs, seminar
og konferansar**



Møteplass og spektakulær natur

Vi ønskjer deg velkomen til å arrangere møter, kurs, seminar eller konferansar ved Runde Miljøsender på Runde. Den freda fugleøya ligg eventyrlig plassert yttarst i havgapet, lenka saman av holmar og skjer i øyriket på søre Sunnmøre. Miljøsenderet er ein svært gunstig stad for den som vil kombinere møteaktivitetar og spektakulære naturopplevingar. Her kan ein oppleve synet av hundretusenar av sjøfugl eller lyden av frå storhavet som bryt brenningar på si ville ferd opp til Nordishavet. Eit pauseinnslag på Runde Miljøsender kan vere ein fisketur saman med ein havforskar, ut mot Norske-havet, til hovudgyteområdet for sild, sei, hyse og torsk.

Runde, som er det sørlegaste fuglefjellet i Skandinavia, har eit makelaust artsmangfald og huser nesten alle typar norske kolonihekkande sjøfugl, inkludert lundefuglen, som er den store favoritten til turistane. Like utanfor øya ligg den djupe kontinental-skråninga, som går 3000 meter rett ned.

Frå Runde er det kort veg inn til Hjørundfjorden og Geiranger som er to av landets vakraste fjordar, til Sunnmørsalpane og den berømte jugendbyen Ålesund. Runde har 90 innbyggjarar og soknar til offshore- og fiskerikommunen Herøy.

Runde Miljøsender

Runde Miljøsender er ein internasjonal forskingsstasjon, eit formidlingssenter og ein naturleg møteplass for kunnskapsformidling og relasjonsbygging. Senterbygget er flunkande nytt og passar godt for ulike former for møter og samkomer. Sidan plassen ligg i eit freda og svært sårbart naturområde, har bygget det fremste innan miljøteknologi, med fokus på miljøvennleg bygningsmateriale, energieffektivitet, vassparing, og gjenbruk av eige avfall og avløpsvatn. Runde Miljøsender blei tidleg utpeika som forbildeprosjekt hos Enova, og har av Møre og Romsdal fylke fått status som regionalt kompetanse-senter for fornybar energi frå havet. Som ein konsekvens av forskingsaktiviteten ved Runde Miljøsender, blir alt elektrisitetsforbruk i bygget tilført frå eit eige bølgekraftverk, som er det første på det norske kraftnettet.*

Senteret er prega av eit internasjonalt forskingsmiljø, og dette gir alle gjestande ei eineståande mulegheit til å lære om miljøet i formidlingssenteret og til å samtale med engasjerte miljøforskarar frå heile verda.

Velkomen til Runde!

* "MAREN-prosjektet" er eit samarbeidsprosjekt mellom Vattenfall, Runde Miljøsender, Tussa Kraft og Enova.

Den eventyrlege kursstaden

Runde er ein spektakulær stad for kurs og konferansar, heile året. Runde Miljøsender er intimt og innbyr til både effektivitet og avslapping. Konferansesenteret har kapasitet til 70 personar, med auditorium, konferanserom og eit selskapslokale med god mat. Våre konferansevertar gjør sitt beste for at du får eit eventyrlig opphald på Runde.

Kortreist og naturleg

Maten på senteret er basert på prinsippa kortreist, naturleg og smaksgodt. Som ein del av Herøy kommune deltek vi mellom anna i den internasjonale "Slow Food-rørsla", som fokuserer på biodiversitet, berekraftig jordbruk, distriktsutvikling og bevaring av handverksteknikkar og autentiske mattradisjonar.

Pustepause i naturen

Pausene på Miljøsenderet må bli annleis enn på andre kursstadar og forskingscenter. Ein kan ta seg ei vandring på fuglefjellet, ein tur i fjøra eller ein fisketur på sjøen. Nærområdet byr på eit rikt kulturliv som lett kan knytast til arrangementet. Under opphaldet på Runde Miljøsender er det naturleg å sette seg inn i det unike økosystemet som øya er en del av. Kunnskapssenteret tilbyr ulike opplegg knytt til spennande forskingsarbeid om berekraftig utvikling. Runde Miljøsender har eigen turistinformasjon som kan nyttast.

Overnatting

Runde Miljøsender har 24 dobbeltrom med hotellstandard, fordelt på åtte leilegheiter. Alle rom har oppkopling til internett. Leilegheitene er utstyrt med eige kjøkken, slik at dei gjestande kan velje mellom å lage eigen mat (særleg ved lengre opphald) eller bevertning i restauranten. Kurscenteret samarbeider med forretningshotella i nærområdet og med overnattingstader som finst lokalt på øya, som er rimelegare prismessig.

Kommunikasjon


Runde ligg ei mil sør for Ålesund (i luftlinje), i Møre og Romsdal. Fly: Ørsta-Volda og Ålesund Vigra. Buss: til Fosnavåg og vidare med buss eller taxi til Runde. Runde har brusamband. Båt: Hurtigruta har anløp i Torvik, ti minutt frå senteret. Frå Ålesund med ferje/hurtigbåt til Hareid, vidare med buss eller bil til Runde. Runde har eiga hamn, rett utanfor senteret. Moglegheit for båttaxi. Bil: Frå Ørsta/Volda gjennom Eiksundstunnelen (verdas djupaste undersjøiske tunnel). Frå Ålesund med ferje til Hareid.

Attraksjonar på Runde

- Båtturar til fuglefjellet eller inn i fjordane
- Eventyropplevingar under vatn med mini-ubåt
- Fugletitting, dykkeopplevingar og fisketurar
- Kunnskapsbaserte opplevingar i naturen med forskarar

Stadar i nærleiken

- Kystbyen Fosnavåg (15 min.)
- Dei ville Sunnmørsalpane (50 min.)
- Jugendbyen Ålesund (1 time med hurtigbåt)
- Ishavsmuseet (30 min.)
- Praktfulle Hjørundfjorden (1,5 timar)
- Spennande Norangsdalen (1,5 timar)
- Verdskjende Geirangerfjorden (2,5 timar)
- Utrulege Ørnevegen (3,5 timar)
- Tur- og fjellstiar på eiga hand





Runde Miljøcenter

- den naturlige møtestaden



Design og foto: Knut Werner Alsén

Runde Miljøcenter

6096 Runde

Telefon: 70 08 83 00

E-post: post@rundesenteret.no

www.rundesenteret.no